

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jarle Lunde	K2-K40, K3-&13	24/692

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
030/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	24.09.2024

## Uttale til SVR om søknad om dispensasjon frå verneforskrifter for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverka

### Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet i villreinnemnda for Setesdalsområdet rår Verneområdestyre for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå å gi dispensasjon frå verneforskrifter for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk etter søknad.

Arbeidsutvalet legg vekt på følgjande:

- Føremålet med biotopvernområdet og dei aktuelle landskapsvernområda er mellom anna å sikre leveområdet til villreinen. Det følgjar av verneforskrifta at oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, vasstandsreguleringar med meir ikkje er tillat. Det er derfor openbart at ei vidare vassdragsregulering strir med verneformålet.
- Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for villreinen i Setesdal Ryfylke er dårleg. Den samla belastninga er for stor. Kjerneområda for villrein sin områdebruk er i stor grad knytt dei verna områda. Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen noko det blir arbeida med gjennom tiltaksplan for villrein.
- Konsekvensutgreiinga med tema villrein peikar på at det er negative, men og positive konsekvensar for villreinen ved å gjennomføre tiltak som omtalt i søknaden. Dersom ein sluttar med vintertapping i Holmevassåna vil dette vandringshinderet forsvinne. Det er bra. Dette er eit av krava som er spelt inn til vilkårsrevisjon og som kan løysast uavhengig av ei opprusting/utviding av kraftanlegga.

Arbeidsutvalet er særleg bekymra for villreinen sin bruk og trekk over Holmavatnet, samt influensområde, dersom det skulle bli ei utbygging etter søknad.

Pumpekraftverk «vil innebære hyppigere svingningar i vannstanden i Holmavatnet sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid (KU).

Usikker is vil kunne medføre at ein får eit nytt vandringshinder for villrein. Det vil og hindre villrein i å nå beiteområda på holmane i Holmavatn. Dei kvista skiløypene over vatnet må og truleg leggast på land. Konsekvensen kan bli at villrein og skiløparar må dele dei same ferdselskorridorane noko som vil forsterke dei negative sidene for villreinen.

Den samla vurderinga i konsekvensutgreiinga er at utbygga har negativ innverknad på villrein. Tiltaka det er søkt om inne i verneområda kan heller ikkje vurderast lausrive frå resten av utbygginga.

- Det er gjennom medieoppslag kjend at fleire av kraftselskapa med tilknytning til villreinområde/verneområda ser på moglegheitene for pumpekraftverk. Saka må og vurderast i dette perspektivet.

Dersom verneområdestyre likevel opnar for å gi dispensasjon frå verneforskriftene for utviding og oppgradering av kraftverka, må dette vere på eit klart vilkår om at utbygginga ikkje skal vere til negativ påverknad for villreinen.

Sand, 24.09.2024

## **Vedlegg:**

Høring av dispensasjonssøknad frå verneføreskrifter - opprusting og utviding av Røldal-Suldal reguleringane  
Dispensasjonssøknad - Røldal-Suldal - Lyse Kraft (2)  
RSK Fagrapport villrein

## **Saka**


Lyse Kraft DA har på vegne av RSK DA søkt konsesjon for opprusting og utviding (OU) av Røldal Suldal kraftverka. Tiltaka slik dei er skissert i konsesjonssøknaden vil medføre påverknad i Holmevassåno biotopvernområde, Kvanndalen Landskapsvernområde og Setesdal Vesthei- og Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Lyse Kraft har derfor søkt Verneområdestyre for SVR om naudsynte dispensasjonar frå verneforskriftene. Det er denne søknaden som no er på høring og som denne saka handlar om.

I tillegg har NVE sendt revisjonsdokument og konsesjonssøknad for Røldal Suldal kraftverka på offentlig høring. Dette blir ei sak for villreinnemnda i møte 25.oktober.

Verneområdestyret for SVR legg opp til å handsame dispensasjonssøknaden i styremøte 23. oktober 2024 og har sendt saka ut på høring med frist 1. oktober. Verneområdestyre «*er interessert i alle opplysningar som kan hjelpe oss i vår sakshandsaming, men ber om at uttalene tek føre seg dei delane av utbyggingsplanane som verkar inn på det verna arealet.*»

## Søknad

Tiltaka som skal gjennomførast i verneområda kan oppsummerast slik (frå søknaden): «*I verneområda i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane (SVR) innebærer konsesjonssøkt tiltak etablering av Kvanndal 2 pumpekraftverk mellom de eksisterende reguleringsmagasinene Holmavatnet og Kvanndalsfoss. Reguleringskapasiteten i Holmavatnet økes med om lag 26 % ved at laveste regulerte vannstand (LRV) blir 5 meter lavere enn i dag, samtidig som nederste del av Tverråna, som i dag renner til Sandvatnet, overføres til Holmavatnet via et bekkeinntak på tilløpstunnelen til Kvanndal 2. Ved økt regulering av Holmavatn vil Lyse Kraft la Isvatn være selvregulerende, med tilnærmet naturlig avrenning mot Tverråna. Kvanndal 2 pumpekraftverk vil også fjerne vintertappingen fra Holmavatn til Sandvatn som er en kjent barriere for villreinen (Holmavassåno).*»



Oversiktskart.

Samla sett meiner Lyse Kraft at «fordelene med å gjennomføre omsøkte utbyggingsløsning er klart større enn ulempene. Prosjektet er nasjonalt viktig og en viktig del av løsningen for å nå klimamålene, og er klart av vesentlig samfunnsmessig interesse. Samtidig løser prosjektet viktige utfordringer knyttet til flere verneverdier i berørte verneområder.» Når det gjeld detaljar omkring plan, inkludert kart og grunngeving for tiltaket, visar sekretariatet til søknaden.

#### Konsekvensutgreiing villrein

Det er gjennomført konsekvensvurdering for fagtema villrein. Under er ei samanstilling.

Tabell er henta frå søknad og viser ei samanstilling av påverknad og konsekvens frå fagrapport om villrein for dei mest relevante delområda for **Kvanndalen landskapsvernområde**. Merk at tabellen sine konsekvensvurderingar har med konsekvensar av ein del tiltak som ligg utanfor verneområdet og som ikkje krevje dispensasjon frå verneforskrifta.

Fagrapport - delområde	Verdi	Påvirkning	Konsekvens	Kommentar
Villrein - Kvanndalen landskapsvern-område	Svært stor	Forbedret	Noe positiv konsekvens (+)	På bakgrunn av den erfaringsbasert kunnskapen om villreinens arealbruk ved Tverråna i perioder med vintertapping, og den generelle kunnskapen om at vassdrag med vintervannføring utgjør en barriere for trekk, legges det til grunn at det er en reell barriereeffekt av Tverråna i dagens situasjon. Gitt at situasjonen i Tverråna vinterstid etter utbygging vil være tilnærmet lik naturlig situasjon, med svært liten vannføring i vintermånedene, vurderes det at det endrede tapperegimet vil gi en forbedring av situasjonen med hensyn på villreinens arealbruk i Kvanndalen landskapsvern-område. (s. 56)
Villrein - Blåsjø-E134 vinterbeite-område	Svært stor	Noe forringet	Middels konsekvens(-)	<u>Blåsjø-E134 vinterbeiteområde vil berøres av deponi-områdene ved Tverrdalen og Øykjhellern. Deponi-områdene ligger helt i ytterkant av området, og i arealer som i dag er påvirket av inngrep og forstyrrelser (vår understreking, disse tiltakene ligger utenfor verne-området). Lukeinnretning ved Holmavatnet vil bygges i fjell, og vil i seg selv ikke bidra til påvirkning på del-området så lenge lukeinnretningen ikke genererer økt ferdsel i sårbare perioder. Deponiområdene i Tverrdalen og ved Øykjhellern vurderes å gi noe forringelse av Blåsjø-E134 vinterbeiteområde (vår understreking, disse tiltakene ligger utenfor verneområdet). (s. 59)</u>
Villrein – Holmavatn-Kjelavatn-Langeidvatn sommar og høstbeite	Svært stor	Noe forringet	Middels konsekvens (--)	Holmavatnet-Kjelavatn-Langeidvatn sommer og høstbeiteområde blir berørt av bekkeinntak i Tverråna. <u>Det vil også etableres deponiområder ved Tverrdalen. Deponi-områdene og veg ved Havrevatnet vil ligge helt i randsonen av Holmavatnet-Kjelavatn-Langeidvatn sommer og høstbeiteområde, og i områder som allerede er påvirket av inngrep og aktiviteter. Tiltaket vurderes å føre til noe forringelse av Holmavatnet-Kjelavatn-Langeidvatn sommer og høstbeiteområde (vår understreking, disse tiltakene ligger utenfor verneområdet). (s. 58)</u>

Tabell er henta frå søknad og viser ei samanstilling av påverknad og konsekvens frå fagrapport om villrein for dei mest relevante delområda for **Holmavassåno biotopvern-område**. Merk at tabellen sine konsekvensvurderingar har med konsekvensar av ein del tiltak som ligg utanfor verneområdet og som ikkje krevje dispensasjon frå verneforskrifta.

Fagrapport - delområde	Verdi	Påvirkning	Konsekvens	Kommentar
------------------------	-------	------------	------------	-----------

Villrein - Holmavassåno biotopvernområde	Svært stor	Forbedret	Noe positiv (+)	Basert på at vinteråpen vannføring i Holmavassåno sannsynligvis er en svært viktig faktor til at villreintrekket gjennom Holmavassåno biotopvernområde ikke er funksjonelt i dagens situasjon, og at utbygging av Kvanndal 2 pumpekraftverk + Suldal 2 B kraftverk + Nordmork kraftverk vil medføre at vassdraget kun svært unntaksvis vil være utsatt for tapping og overløp vinterstid, vurderes tiltaket å bidra til en forbedring av situasjonen med hensyn på den samlede belastningen i Holmavassåno biotopvernområde. Fjernet vintervannføring vil gi reduserte barriereeffekter i biotopvernområdet, og forbedret økologisk funksjon i trekkorridoren gjennom området. Det må imidlertid understrekes at det ikke kan legges til grunn at den økologiske funksjonen i trekkorridoren vil gjenopprettes fullstendig uten at det samtidig gjøres tiltak knyttet til de andre påvirkningsfaktorene i området. Pumpekraftverk vil samtidig innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Holmavatnet sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid etter utbygging. Lukehus ved Holmavatnet skal bygges i fjell, uten nye byggverk i dagen, og vil i seg selv ikke bidra til økt samlet belastningen i området. Dette betinger imidlertid at lukehuset ikke medfører økning i menneskelig ferdsel i sårbare perioder av året, i forbindelse med periodisk vedlikehold og tilsyn. (s. 55)
Villrein - Blåsjø- E134 vinterbeiteområde	Svært stor	Noe forringet	Middels konsekvens(- )	Blåsjø-E134 vinterbeiteområde vil berøres av deponiområdene ved Tverrdalen og Øykjhellern. Deponiområdene ligger helt i ytterkant av området, og i arealer som i dag er påvirket av inngrep og forstyrrelser (vår understreking, disse tiltakene ligger utenfor verneområdet). Lukeinnretning ved Holmavatnet vil bygges i fjell, og vil i seg selv ikke bidra til påvirkning på delområdet så lenge lukeinnretningen ikke genererer økt ferdsel i sårbare perioder. Deponiområdene i Tverrdalen og ved Øykjhellern vurderes å gi noe forringelse av Blåsjø-E134 vinterbeiteområde (vår understreking, disse tiltakene ligger utenfor verneområdet). (s. 59)
Villrein - Holmavatn- Kjelavatn- Langeidvatn sommer og høstbeite	Svært stor	Noe forringet	Middels konsekvens (- )	Holmavatnet-Kjelavatn-Langeidvatn sommer og høstbeiteområde blir berørt av bekkeinntak i Tverråna. Det vil også etableres deponiområder ved Tverrdalen. Deponiområdene og veg ved Havrevatnet vil ligge helt i randsonen av Holmavatnet-Kjelavatn-Langeidvatn sommer og høstbeiteområde, og i områder som allerede er påvirket av inngrep og aktiviteter. Tiltaket vurderes å føre til noe forringelse av Holmavatnet-Kjelavatn-Langeidvatn sommer og høstbeiteområde (vår understreking, disse tiltakene ligger utenfor verneområdet). (s. 58)

### Verneformålet

Jamfør verneforskrifta er føremålet med Kvanndalen landskapsvernområde «å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde, beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa».

Verneformålet for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde med dyrelivsfredning har i hovudsak ei tilsvarande føremål.

Føremålet med Holmavassåno biotopvernområde «er å sikre viktige trekkveggar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde».

I reglande heiter det blant anna (Kap IV, punkt 1): *Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen i å trekkje gjennom området.....»*

## Vurdering

### Status for villreinen

Villrein er ein nasjonal ansvarsart. Til tross for verna område og regional plan for villrein fjellet (Heiplanen) har utviklinga for arten vore negativ over lang tid.

Kvalitetsnorm for villrein blei vedteke sommaren 2020. Målet med norma er å beskrive tilstanden til villreinen, mellom anna gjennom eit trafikklys-system som seie oss om eit villreinområde har god (grøn), middels (gul) eller dårleg (raud) kvalitet. Resultata for dei nasjonale villreinområda blei framlagt i april 2022. Etter ei heilskapleg vurdering blei Setesdal Ryfylke klassifisert til dårleg kvalitet og ikkje godkjend. Årsaka til at villreinområde ikkje tilfredsstillar måla er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsel i utsette områder har stor negativ effekt på villreinens vandringsmoglegheiter.

På bakgrunn av resultata etter kvalitetsnorma har regjeringa satt i gang arbeidet med tiltaksplanar for dei aktuelle nasjonale villreinområda. Utkast til tiltaksplan blei levert departementet i desember 2023 og skal etter planen på høyring haust/vinter 2024/25.

I Stortingsmelding 18 (2023–2024) presenterast politikk for å forbetre villreinens tilstand i Norge. Målet er å snu den negative utviklinga innan 2030 og sikre bestanden innan 2100.




### Villreinen sin bruk av området og konsekvens

Som vist til ovanfor er det utarbeid ein eigen konsekvensutgreiing for villrein. Samla konsekvens for heile prosjektet er for villrein sett til «noe negativ konsekvens».

Fleire instansar, mellom anna SVR og Suldal kommune, har ovanfor Lyse peika på det ein meiner er manglar i kunnskapsgrunnlaget i fagrapporten for villrein og bedt om ekstra utgreiingar, blant anna om villreinen si nåverande og faktiske bruk av isen på Holmavatnet, og bruk ved omtalt vandringshinder ved Holmavassåno og Tverråna. Dette for å få eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag og for å kunne gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming. Når dette skrivast er dei ekstra utgreiingane ikkje mottatt.

Områda ved Holmavatnet er ein del av det sentrale vinterbeiteområdet for villreinstamma i den nordre halvdel av Setesdal Ryfylke villreinområde. Både simler og bukkar trekkjer inn i området frå sør og aust frå slutten av oktober og fram mot jul. Dyra held seg i områda ved Holmavatnet gjennom vinteren før simlene startar trekket mot kalvingsområda i mars/april. Bukkane blir gåande att og fram til jakta tek til i slutten av august. I september er området så godt som tomt for dyr.

Data frå merka villrein i området fortel noko om bruken. Ein må her hugse at det berre er eit fåtall dyr som er merka og at desse ofte er ein del av større flokkar. Om ein ser på Dyreposisjonar.no (2006-2024) så er det slåande kor mange villrein som nyttar Holmavatnet til lange kryssingar, samt turar til holmar for å beite. Det er langt fleire som kryssar her en det er merka villrein som kryssar eller prøver å krysse Holmevassåna. Få merka dyr ser ut til å vere påverka av Tverråna.



Gps-spor frå merka villrein dei tre siste vintrane (1.des.-1-mai)

Konsekvensutgreiinga for villrein peikar og at det er negative, men og positive konsekvensar for villreinen ved tiltak som søkt. Ved å slutte med vintertapping i Holmevassåna vil dette vandringshinderet forsvinne. Å gjere tiltak for å fjerne dette vandringshinderet er eit av krava som spelt inn til vilkårsrevisjonen og som kan løysast uavhengig av ei opprusting/utviding av kraftanlegga.

Sekretariatet er særleg bekymra for villreinens bruk og trekk over Holmavatnet, samt influensområde, dersom det skulle bli ei utbygging etter søknad. Pumpekraftverk «vil innebære hyppigere svingningar i vannstanden i Holmavatnet sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid (KU).

Usikker is vil kunne medføre at ein får eit nytt vandringshinder for villrein. Det vil og hindre villrein i å nå beiteområda på holmane i Holmavatn. Dei kvista skiløypene over vatnet må og truleg leggast på land. Konsekvensen kan bli at villrein og skiløparar må dele dei same ferdskorridorane noko som vil forsterke dei negative sidene for villreinen.



### Samla belastning

Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for villreinen i Setesdal Ryfylke er dårleg. Den samla belastninga er for stor. Kjerneområda for villrein sin områdebruk er i stor grad nettopp knytt dei verna områda. Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen.

Tiltaka det er søkt om inne i verneområda kan ikkje vurderast lausrive frå resten av utbygginga. Til dømes ligg reguleringsmagasinet Votna utanfor verneområdet. Kva vil den planlagde framtidige reguleringa her bety for villreinen sin potensielle bruk og utveksling med Hardangervidda?

§49 i naturmangfaldlova omtalar utanforliggende verksemd som kan medføre skade inn i eit verneområde:

*«Kan virksamhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår».*

### Presedens

Det er gjennom medieoppslag kjend at fleire av kraftselskapa med tilknytning til villreinområde/verneområda ser på moglegheitene for pumpekraftverk. Saka må og vurderast i dette perspektivet.

### Verneformål og samfunnsinteresser

Dispensasjonssøknad kan ikkje innvilgast i medhald av verneforskriftene, men må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova. Denne seier at:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Føremålet med Kvanndalen landskapsvernområde er mellom anna å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa. Føremålet med Holmavassåna biotopvernområde er å sikre viktige trekkvegar for villreinen. Det følgjar av verneforskrifta at oppføring av bygningar, anlegg og faste innretingar, vasstandsreguleringar med meir ikkje er tillat. Det er derfor openbart at ei vidare vassdragsregulering strir med verneformålet.

Lyse si vurdering i søknaden er at denne utbygginga må reknast som ei vesentleg samfunnsinteresse og derfor kan innvilgast.

Vesentlege samfunnsinteresser etter §48 i naturmangfaldlova er tidlegare tolka strengt. Det er ingen automatikk i at kraftforsyning eller vegbygging reknast som vesentlege samfunnsinteresser, der søknad om inngrep i verneområde kan innvilgast. I tillegg er det eit vilkår at tiltaket er naudsynt. Alternative løysningar vil derfor være ein sentral del av vurderinga av om kriteriet om naudsyn er oppfylt. Dersom det finast ei alternativ løysing utanfor verneområdet bør dette veljast.

Det er pr dags dato ikkje framlagt noko reelt alternativ. Dessutan treng ikkje auka effekt til samfunnet komme frå Røldal Suldal utbygginga.

### Konklusjon

Villreinnemnda skal arbeide for en langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen sine leveområde i samsvar med naturmangfaldlova og viltlova. I tråd med dette meiner sekretariatet at villreinnemnda med bakgrunn i dagens kunnskapsgrunnlag, bør rå verneområdestyre frå å gi dispensasjon etter søknad.

## **24.09.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**

### **Handsaming:**

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

### **VRN-AU - 030/24 Vedtak:**

Arbeidsutvalet i villreinnemnda for Setesdalsområdet rår Verneområdestyre for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå å gi dispensasjon frå verneforskrifter for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverk etter søknad.

Arbeidsutvalet legg vekt på følgjande:

- Føremålet med biotopvernområdet og dei aktuelle landskapsvernområda er mellom anna å sikre leveområdet til villreinen. Det følgjar av verneforskrifta at oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, vasstandsreguleringar med meir ikkje er tillat. Det er derfor openbart at ei vidare vassdragsregulering strir med verneformålet.
- Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for villreinen i Setesdal Ryfylke er dårleg. Den samla belastninga er for stor. Kjerneområda for villrein sin områdebruk er i stor grad knytt dei verna områda. Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen noko det blir arbeida med gjennom tiltaksplan for villrein.
- Konsekvensutgreiinga med tema villrein peikar på at det er negative, men og positive konsekvensar for villreinen ved å gjennomføre tiltak som omtalt i søknaden. Dersom ein sluttar med vintertapping i Holmevassåna vil dette vandringshinderet forsvinne. Det er bra. Dette er eit av krava som er spelt inn til vilkårsrevisjon og som kan løysast uavhengig av ei opprusting/utviding av kraftanlegga.

Arbeidsutvalet er særleg bekymra for villreinen sin bruk og trekk over Holmavatnet, samt influensområde, dersom det skulle bli ei utbygging etter søknad.

*Pumpekraftverk «vil innebære hyppigere svingningar i vannstanden i Holmavatnet sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid (KU).*

Usikker is vil kunne medføre at ein får eit nytt vandringshinder for villrein. Det vil og

hindre villrein i å nå beiteområda på holmane i Holmavatn. Dei kvista skiløypene over vatnet må og truleg leggast på land. Konsekvensen kan bli at villrein og skiløparar må dele dei same ferdselskorridorane noko som vil forsterke dei negative sidene for villreinen.

Den samla vurderinga i konsekvensutgreiinga er at utbygga har negativ innverknad på villrein. Tiltaka det er søkt om inne i verneområda kan heller ikkje vurderast lausrive frå resten av utbygginga.

- Det er gjennom medieoppslag kjend at fleire av kraftselskapa med tilknytning til villreinområde/verneområda ser på moglegheitene for pumpekraftverk. Saka må og vurderast i dette perspektivet.

Dersom verneområdestyre likevel opnar for å gi dispensasjon frå verneforskriftene for utviding og oppgradering av kraftverka, må dette vere på eit klart vilkår om at utbygginga ikkje skal vere til negativ påverknad for villreinen.